

Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden

*Til friedom har Kristus frigjort oss.
Stå difor støtt og lat ikkje nokon tvinga
dykk inn att under slaveåket*

Gal. 5,1

Sjå artikkel s.2 og s. 12 om Englar og åndeverka



FOTO:ONT

I dette nummeret kan du m a lesa:

Helsing frå Nairobi Kenya

Side

TV aksjonen oktober

Side

Helsing frå det nye teamet

Side

ØyNytt rosa

Side



Ein liten engleskule

Den store saka i norske media sumaren 2007 var det ein engleskule på Austlandet som sto for. I utgangspunktet neppe nokon sak for "krigstypene" på forsiden. Og vi lever altså i eit fritt land.

Når det er sagt har vi notert oss at selskapet som driv skulen har eit egyptisk gudinnenamn. Og tematikken på nettsida tyder på at skulen har annan inspirasjon enn den kristne. Vi vonar vi tek feil.

Uansett kan det vere greitt å minne om at den kristne kyrkja har hatt ein engleskule så lenge ho har eksistert.

Mi spalte denne gongen vert difor ei miniskule om englar. Og denne engleskulen er heilt gratis:

Det tek til med Guds Heilagdom

Bibelen sin engleskule går føre seg i templet. I det 6.kapitlet av Jesajaboka høyrer vi:

"...Eg (såg) Herren sitja på ein hog, hog kongsstol, og slepet på kappa hans fylte templet. Serafar stod ikring han. Kvar av dei hadde seks venger. Med to gøynde dei andletet, med to gøynde dei føtene, og med to flaug dei. Dei ropa til kvarandre:

«Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot.

All jorda er full av hans herleg-dom.»

Men utdanninga på Guds engleskule er ei utfordring. For Jesaja måtte erkjenne:

«Ve meg! Det er ute med meg. For eg er ein mann med ureine lipper, og eg bur mellom eit folk med ureine lipper, og augo mine har sett Kongen, Herren, Allhørs Gud.» (Jes.6,5)

Englane kjem med Guds Frelse og kall Jesajaboka held fram med å fortelje om at Jesaja får tilgjeving for syndene sine og vert utsendt i tenesta for Herren.(Jes.6,6)

Velkjent er óg Juleevangeliet, med vitjinga til erkeengelen Gabriel hjå jomfru Maria i forkant, som understreker at det er dei små og svake som får ta imot frelsa og bere Evangeliet vidare.

Englane kjem med trøyst

Mange av oss vil aldri gløyme den tragiske ulukka på Rong på seinvinteren i fjor. I gravferda var det som spiritualen "Michael rows the boat ashore" fekk ny

mening.

For vi såg at Bibelen gjev erkeengelen St.Mikael ei viktig rolle i slike krisesituasjonar. Som hjelpar for Kristus, dødens overmann, både vernar han dei som trur i alt som skjer, og fører dei heim til himmelen.(Dan.12)

På minnedagen til St.Mikael 29.september gjer vi vel i å stoppe opp i ettertanke.

Ei lokal engleskule

Denne vesle engleskulen vil til sist vise vidare. For Bibelen sin engleskule går i dag føre seg i di eiga kyrkje.

I nattverdilturgien i gudstenesta vert vi kvar veke mina på denne dimensjonen. Der syng vi saman med englane det same koret Jesaja høyrde i templet, og som folkemengda song då Jesus reid inn i Jerusalem:

«Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot.....»(Jes.6,3; Matt.21,9 m.fl.)

Og vi møter som Jesaja Guds Heilagdom for at vi skal leve eit heilag liv i lovprising og etterfølgjing av Herren, og eige Hans trøyst i liv og teneste.

Og så har kvar den som trur på Jesus har sin eigen, personlege skytsengel! Det er sant! For det har Han sagt sjølv!

«...desse små... har sine englar i himmelen som alltid ser andletet til min himmelske Far.» (Matt.18,10)

I aftenbøna ber vi om å få sovne i under vakthald av englane:

«Nå lukker seg mitt øye,

Gud Fader i det høye,

i varetekt meg ta.

Fra synd og sorg og fare

din engel meg bevare,

som ledet har min fot i dag.»(NoS 811)

Engle-trua er difor ein viktig del av vår kristne tru. Om du er interessert i englar, trur vi det sporet som Bibelen gjev oss er det tryggaste du kan følgje.

Frist for stoff

Nr 5: 9. oktober

Nr 6: 20. november

Til abonnent

25. oktober

06. desember



Den norske kyrkja i Øygarden

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgevar: Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar
Redaktør: Odd N. Thormodsæter
Kontingent: Min. kr 100,- pr. år innan kommunen
Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen
Takkeannonser: kr 100,-
Kontonr.: 3628 07 02557
Layout/trykk: Grafisk Team AS
Distribusjon i Øygarden: Hurtiglevering, Tjeldsto tlf. 98 66 53 29

Kyrkjekontoret:

Vitjingsadresse: Helse- og tenesteseneteret, Rong
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
Telefon: 56 38 22 40
Faks: 56 38 22 41
Vakttelefon: 56 38 22 44
E-post: kontor@kyrkja.net

Internettider: kyrkja.net

Ekspedisjonstid: måndag – fredag 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorsekretær: Kari Sandøy Rong
e-post: kontor@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 40

Kyrkjelydspedagog: Turid Toft Ameyna
e-post: kyrkjelydspedagog@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 47

Kantor: Anne Lise Grøm
kontor@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 45/91 88 12 08

Sokneprest: Svenn Martinsen
e-post: sokneprest@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 44

Kyrkjeverje: Odd N. Thormodsæter
e-post: kyrkjeverje@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 43

Kyrkjene:

Blomvåg kyrkje: tlf. 56 38 70 22
e-post: blomvag.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjetenar/ Kyrkjegardsarb. Kåre Kristoffersen
Mobil: 911 05 197
Klokkar: Ole Vik

Hjelme kyrkje: tlf. 56 38 80 30
e-post: hjelme.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjetenar/ Kyrkjegardsarb. Janesh Ameyna tlf. 958 23 472
Mobil 9772 74 57

Råda:

Blomvåg sokneråd: Leiar: Olaug Merete Rong
Hjelme sokneråd: Leiar: Atle Dávøy
Øygarden kyrkjelege fellelsråd: Leiar: Gustav Landro

Beredskapsordning for Vesthordland prosti tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.

Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.



I utfordringa om min salme tenkjer eg tilbake på dei tre åra vi har vore i Kenya. Det har vore mange songar og salmar vi har vorte glade i. Salme 121 er ein av desse og har ofte vore fast ynskje frå barna når vi skulle syngje saman.

Første gongen eg møtte denne salmen var på 70-talet. Då var det ei tid det var "in" å setje tone til bibelske tekstar, og slik lærte vi mange bibelvers utenatt. Salmen dukka opp att på ei samling vi hadde i Nairobi første hausten vi var der, og har sidan vore "min" salme no i desse åra.

Vi som var så heldige å få ha arbeidet vårt i Mombasa, opplevde at salmen vart ei overskrift over arbeidet vårt og ei vern i kvardagen. Når utfordringane og oppgåvene kunne opplevast til tider som eit "fjell" som ein skulle klatre til toppen av, så var det godt å vite at "mi hjelp kjem ifrå Herren, han som skapte himmel og jord." Gud som har skapt alle menneske, han kjenner veldig godt våre naboar og dei vi ville møte gjennom ein dag, og ikkje

”

*Eg lyfter mine augo til fjella:
Kvar kjem mi hjelp ifrå ?
Mi hjelp kjem frå Herren,
han som skapte himmel og jord.*

*Han let ikkje foten din vera ustø,
din vaktar blundar ikkje.
Nei han blundar ikkje og søv ikkje,
Israels vaktar.*

*Herren er din vaktar,
Herren er din skugge,
han er ved di høgre hand.
Sola skal ikkje stikke deg
om dagen og månene ikkje
skade deg om natta.*

*Herren skal vara deg frå alt
vondt og verna om ditt liv.
Herren skal vara din utgang og
din inngang frå no
og til evig tid.*

minst: *Han kjenner meg.* Så var det for oss å be Gud om at vi kan møte enkeltmenneske med ein omsorg og kjærleik som vi sjølve er blitt møtt med av Herren.

Med det indiske hav rett utanfor døra og sola som skin frå skyfri himmel vart både varmen og luftfuktigheita høg. Då er det godt å tenkje på salme 121 at - "sola skal ikkje stikke deg om dagen og månen ikkje skade deg om natta." Det var ikkje slik at vi oppheldt oss så veldig mykje i sola, men når arbeidet skulle gjerast, kunne vi ikkje alltid halde oss i skuggen. Salmen gav også tryggleik for natta. Månen i seg sjølv var kanskje ikkje så farleg, men eg fekk trøyst i salmen om at Gud er Herre om natta også og at vi ikkje ville møte noko anna enn det Gud tillet.

Denne salmen har for meg vorte ei konkret utsegn frå Gud at Han står som eit vern om mitt liv frå no og til evig tid.

*Til neste nummer vert
Björg Blom utfordra til å skriva
"Min salme"*

Ola Hovdens Legat

Etter statuttane er det ungdom frå tidlegare Hjelme kommune som har høve til å søkja støtte til høgare utdanning. (Frå og med Skjold, til og med Nordøysund)

Søknadsskjema kan du få ved å venda deg til Øygarden kommune v/Sørviskontoret, eller på kommunen si nettside under "søknadsskjema" (www.oygarden.kommune.no)

Søknadsfrist er 31. oktober 2007

- styret -

Bibeltimar i Hjelme kyrkje tysdag 23. og 30 oktober kl 19.00

Per Fimreite har svara ja på å halda nye bibeltimar, - denne gongen over temaet: NÅDEGÅVENE. Det vert høve til å kjøpa kurshefte under samlingane.

Soknerådet vonar mange -både frå nord og sør i Øygarden vil fylla kyrkja desse kveldane.

Eldretur til Tjorehagen og Lyngheisenteret

Eldretreffkomiteane i Hjelme og Blomvåg gjekk også dette året saman om å arrangera den årlege turen som avslutning på eldretreffa.

Vi hadde full klaff med både veret og sjølve turen. Sjølvaste ordføraren på Radøy, Olav Steinar Namtveit var med som guide. Betre kjentmann kunne vi ikkje hatt!

Første stopp var **Tjorehagen**, ein rhododendronhage som er opparbeidd av Olav Tjore. Han starta arbeidet i 1960. Han har skapt ein eventyrhage på 25 mål, og som inneheld over 300 ulike rhododendronartar og like mange tre og eksotiske buskar.



Hordabøkyrkja fekk vi også besøkja. Hjelme høyrde til denne kyrkja før ein fekk reist si eiga kyrkje som stort sett er bygd etter dei same teikningane.

På Lyngheisenteret var det ny stopp. Her har dei teke vare

på den særprega naturen som var så vanleg på Vestlandet før skog og krattskog begynte å ta tilbake landskapet.

Fårefrikasé av villsau stod på menyen. Maten smaka godt og vi fann oss vel til rette.



Vi takkar for ein vellukka og godt tilrettelagt tur av Ingebjørg Sæle, Kjell Døskeland og Bjarne Skjold.

Takk også til Sverre Rong for gode historier.
Helsing Jarle Dale

Brynjulf Torsvik fylte 100 år 10. august 2007



Brynjulf er født og oppvaksen på Maiane på Torsvik. Foreldra var Daniel Kristian Bugge M. Torsvik (1879-1967) og Nilsine Oline B. Vik (1874-1908). Mora dødde då han var eitt år gamal, og bestemora overtok morsrolla for han og broren Mons (Danielsen).

Etter konfirmasjonen i 1922 starta Brynjulf sitt yrkesliv med fiske og fraktfart. I 1935 gifta han seg med Margit Torsvik, og i 1944 overtok han mora sin slektsgard i Raunhola på Vik, der han budde heilt fram til han flytta til Tednebakkane omsorgssenter 98 år gamal. Margit og Brynjulf fekk eit langt liv i lag, i 2000 feira dei krondiamantbryllaup etter 65 års ekteskap.

Brynjulf har heile livet vore sprek, aktiv, hjelpsam og arbeidsam. Han har alltid hatt stort engasjement og omsorg for familien, som no tel fem døtre, 19 barnebarn og 39 oldebarn. Han likar svært godt å vera saman med barnebarna og oldebarna, og har alltid følgd nøye med på kva dei hadde føre. Blant anna delte han fotballinteressa med mange av dei, og som 98-åring var han på Brann stadion på fotballkamp.

Jubilanten var heilt fram til 100-årsdagen ved god helse, las dagleg fleire aviser og elles svært interessert og engasjert i livet rundt seg. Han har sjølv ei god forklaring på kvifor han har vorte 100 år: "Det er Guds nåde åleine, ikkje minst har eg alltid vore velsigna med godt humør!"

100-årsdagen feira han saman med heile familien på Tednebakkane omsorgssenter.

Øynytt gratulerer!

Ja til ekteskapet



Det er gjeve ut eit ressurshefte (Sjå faksimile)med ein bønekalender til dagleg bruk for einskildpersonar, lag, cellegrupper som vil verna om ekteskapet - mellom mann og kvinne.

Skaff deg heftet frå
JatilEkteskapet.no, postboks
8253, 4676 Kristiansand,
Tlf 9923 2354 eller frå
kyrkjekontoret i Øygarden
(kr 5 pr. hefte)

Eit år i Kenya er over....

Ja, det er ikkje utan eit visst vemod at me ser attende på året som ligg bak. Året har forsvunne så utruleg fort. I fjor i august tykte me at me hadde eit hav av tid framføre oss (og det hadde me jo, - i alle fall ein dam...).

Saman med vemodet ligg det ei enorm takksemd for at me har fått høve til å vera her. Me har fått mange gode kenyanske vener, me har lært litt om tankegang og levemåte, kjenner til dagen varme når me møter både kjende og ukjende.

Me har vorte sett kraftig på plass på ein del område.

Det skal så lite til for at kvardagen vår skyar over. Dårleg ver, litt vondt hist og pist, oppgåver som ligg og tyngjer, irritasjon over små ting. Ja, de veit kor me er.

Etter å ha vore her i Kenya, og særleg etter denne dagen vert perspektivet vårt endra. Var i Kibera slummen i dag. Har nokre vener der som inviterte oss. Veldig kjekt.

Me handla litt matvarer med oss og la i veg. Kjersti hadde joggesko av den glatte typen på seg – og det skulle ho snart få angra på. Me møtte dotra i huset, parkerte bilen og la i veg til fots. Det hadde regna ganske så tett. Dermed tok det si tid å koma fram. Den raude jorda mellom ”husa” var GLATT !! Så der snubla me oss fram,. . Prøvde å finna ein stein eller ei hindring slik at foten fekk feste. Måtte jo berre le, - for dei som budde der måtte det jo har vore eit fantastisk syn. Tre ”mzungu-ar” (kvitingar) som prøvde seg på stiane deira.

Sveitte og skitne kom me oss fram til heimen me skulle i. Eit rom. Et bittelite vindu, og stablar med ulike ting som dei hadde prøvd å dekkja med lysegrøne hekladukar.

Møblane i stova var ein 3 setar og to enkle stolar. (også dei dekkja med lysegrøne hekladukar)

Veggane var bare. Fram på bordet kom det ris, rundsteikt Tilapia(fisk får Viktoriasjøen) med hovud og spor. Det er i slike stunder ein tenkjer;- ja, her er det berre å svelgja unna. Prøvde å halda eit smilande ansiktsuttrykk medan

eg parterte stykka mine- og let det ”stå te” . Kor det gjekk?? Drakk vatn- tappa frå krana . Ville dette gå bra. ? Sende ei bøn om at magen måtte halda.. - har ikkje kjend noko enno!

Maten var veldig god den. Kjende meg litt skamfull. Mama Daisy hadde jobba med maten i tre timar. Du – kor kjekt og godt det er å ha kontakt med venene våre her..

Kvar har dei fokus??

Då me var på veg til denne heimen passerte me ein stor stein. Der var det mala med store bokstavar:

God help us all!

Gud er med i kvardagen deira. Dei reknar med han- . ”He is a part of our life”.

Vert nok ein gong skamfull... med norske vanar og tankegang vert Gud ofte berre med på lasset. Me legg våre eigne planar – og bed Gud om å velsigna dei. Heilt feil. Gud har planen for dagen- .

Me bed om visdom, klarsyn og at me må sjå kvarandre og medmenneska rundt oss med Guds augo.

No startar me opp att på eit nytt år. Me ser med spaning fram til det som ligg framføre av utfordringar: Kjersti i skulen og Andreas i dei utallige oppgåvene som ligg og ventar.

Sommaren har vore veldig kjekk. Besøk av kjær familie og gode vener. Me har kosa oss og opplevd utruleg mykje. For å trøysta dykk – de som trur at det alltid er sol og varme her ved ekvator– kan me berre seia at ullsokkar, og fleece jakker + vifteomn er ein fin ting. Men me ser fram mot varmare tider ☺

Må Gud signa kvar einskild av dykk.

Takk for forbøn. Det set me utruleg pris på. Utan god helse og Guds leing er det lite me kan gjera her.

Varme helsingar frå Kjersti og Andreas Kårbø

Eit lite handslag til kristen ungdom i Kenya

Gustav Landro m/familie har vore i Kenya på ferie og har med attende handmalte kort som er til sals i MINIBOKHANDELEN på kyrkjekontoret.

Pengane av salet går uavkorta til utdanning av kristen ungdom i Kenya.

Det er Kjersti og Andreas Kårbø som er kontaktpersonar.

Velkommen innom kyrkjekontoret for å sjå desse flotte korta. Du kan kjøpa dei for kr 20/30 pr. stk.

Sammen for barn

Dan Børge Akerø: "Vi skal sloss for barn ramma av hiv/aids"

Barndommen forsvinn

Aids har gjort over 15 millioner born foreldrelose. Kvar dag mister 6000 nye barn foreldra sine og 1400 born dør av aids. Born som er ramma av hiv/aids er ikkje nødvendigvis sjuke eller smitta med hiv-viruset, men lever i lokalsamfunn kor aids set djupe spor. Dei vaksne dør, eller greier ikkje å forsørge seg og sine. Støtteapparat finst ikkje og infrastrukturen vert nedbroten. Barndommen forsvinn, og kvar dag er ein einsam kamp for å overleve.

Saman for barn

Dan Børge fortel at UNICEF skal gjennomføre aksjonen i samarbeid med Norges Idrettsforbund og Norges Olympiske Komité og Right To Play (Organisasjonen oppretta av Johann Olav Koss etter Olympic Aid).

- Eit av dei viktigaste måla for aksjonen er at foreldrelose born skal få eit nettverk rundt seg. Me kan ikkje gje dei foreldra tilbake, men me kan sørge for utdanning og styrke dei lokalsamfunna



som er hardast ramma, slik at borna får omsorg og støtte til å klare kvardagen. Idretten har drive utviklingsarbeid i mange år, og erfaringane deira viser at gjennom godt tilrettelagde idrettsaktivitetar kan born få oppleve felleskap, tryggleik og glede.



Inntektene går til -

- Barn berørt av hiv/aids i Mosambik, Malawi, Zimbabwe, Zambia, Uganda, Ukraina, Jamaica og Vietnam og prosjektene vil i hovedsak fokusere på:
- Forhindre smitte fra mor til barn.
- Medisinering av barn
- Forebygging av smitte blant barn og unge
- Tiltak gjennom skole og nærmiljø
- Tiltak gjennom lek og idrett
- Ungdomsvennlige helsetjenester
- Tiltak for barn som faller utenfor
- Omsorg for foreldrelose og sårbare barn
- Hjembasert omsorg
- Lokale omsorgsentre
- Økonomisk støtte til sårbare familier og støtte til lokalsamfunn

Ein aidsfri generasjon

- For første gong vågar no FN å snakke om at det er mogleg å skape ein aidsfri generasjon. Det gjer meg optimistisk, seier Dan Børge Akerø. Billigare medisinar, betre kunnskap og medisiner for born kan gjere det mogleg å redusere smitte og effektane av sjukdomen.. Men dette krev eit kraftig løft frå verdssamfunnet – alle må vere med. No har vesle Norge, med den store TV-aksjonen, eit godt høve til å bidra til at born ramma av hiv og aids får nye sjansar.

Velkommen til Eldretreff hausten 2007

Blomvåg sokn. Stad: Kantina på Tednebakkane kl 16.00

20. september

18. oktober

22. november

13. desember

Hjelme sokn. Stad: Hjelme kyrkje kl 16.45

19. september

17. oktober

21. november

12. desember

Innkommne offer:

Blomvåg

04.02	Det Norske Bibelselskap	kr. 1461,50
18.02	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2459,00
04.03	Misjon uten grenser	kr. 2958,00
18.03	Norsk Luth. Misjonssamb.	kr. 2565,50
01.04	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2724,50
09.04	Sjømannskirken	kr. 1808,50
28.04	Strømmestiftelsen	kr. 5448,50
29.04	Laget – NKSS	kr. 3884,50
05.05	Jinka prosjekt i Etiopia	kr. 2965,00
05.05	Familie og Medier	kr. 2786,50
13.05	Den Norske Israelsmisjon	kr. 2944,00
17.05	Korps og kyrkjelydsarb	kr. 2286,50
27.05	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2848,00

Hjelme:

11.02	Den Norske Israelsmisjon	kr. 1754,50
25.02	Evangeliesenteret	kr. 1662,50
11.03	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 2806,50
25.03	Norsk Misjon i øst	kr. 2681,50
05.04	Strømmestiftelsen	kr. 1887,50
08.04	Normisjon	kr. 3016,50
22.04	Familie og Medier	kr. 4625,00
06.05	Laget – NKSS	kr. 5263,50
17.05	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 4418,00
20.05	Nordhordland Indremisjon	kr. 3281,00
27.05	Rusfri	kr. 1165,50

Nytt team på plass!



Hei hei alle saman!

Me er dei nye team-jentene! Namna våre er **Rebecca Opsahl-Engen** og **Margunn Lygre**, og me kjem frå

Norheimsund og Skånevik. Etter tre år på Framnes kvgs tok me begge turen til Normisjon sin Bibelskule i Grimstad. Der trivdest me svært godt, og då skulen har tilbod om ei andreårslinje kalla "Til Tjenste", slo me til! Dette er ei linje skulen har for team og eittåringar, der studentane kjem attende til skulen 6 veker i løpet av året for undervisning og vegleing. Resten av året er studentane plasserte på ulike stader i heile landet. Då me ein dag såg ein plakat på Bibelskulen der dei søkte etter team i Øygarden, slo me til! Desse fyrste dagane her ute i holmane har gått med til innflytting og til å gjera oss kjende på kontoret! Så langt har me berre møtt trivelege folk som har teke vel imot oss. Det er me svært takknemmelege for! Me er spente på korleis dette året kjem til å bli! Akkurat no arbeider sommarfuglane i magen i høggir, alt er nytt og ukjend! Men me vonar me vil verta raskt kjende med folk og stader. Gler oss til å byrja på skikkeleg! Ynskje vårt er at me kan bety noko for borna og dei unge her ute. Me vil vera med å peika på kven Jesus er!

Leirar på Skjergardsheimen i haust

29-30 september 3.- 4. kl leir
26-28 oktober 8.-10. kl leir
16-18 november 6.- 7. kl leir

Påmelding til kyrkjekontoret,
tlf. 5638 2240

"Herdla-dagen" 2. september

Vi minner om artikkelen som stod i ØyNytt nr 3 om denne spesielle dagen. Dagen er ein del av Askøy sitt tilbod i samband med Kystsogevekene 2007.

Det er gamle DS Oster som går ruta denne søndagen. Møt opp i Ovågen kl 11.00 for avgang til Herdla der det er gudsteneste kl 12.00.

Vel møtt!

GAMLE BILETE FRÅ ØYGARDEN

Biletet denne gongen er frå 1936.

Eit bryllaupsfølge kviler ved bruresteinen på veg frå Sæle til Hjelme kyrkje. Brureparet har fått dravle før dei går vidare gjennom den veglause utmarka. Brureparet er Emil og Cecilie Sæle. Det er far min, Halvor Halvorsen, som har tatt biletet.. Biletet er utlånt frå Egil Sæle.



**Kjøp kjapt,
trygt
og billig**

**KIWI mini
pris**

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Opent man.-fred. til kl. 21.00

Lørdager til kl. 20.00.

**Din totalleverandør
i Øygarden**

**ØYGARDEN
BYGGSENTER**

**TH
BHAS BYGG**

**ØYGARDEN
BOLIGUTVIKLING**

Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09

Adr. Påluneset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca 100 personer.

Kan levere mat til alle

Arrangerer byllaup,

anledningar.

konfirmasjonar og andre
tilstellingar.

Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 5638 9380

Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Mobil: 90 59 90 59

**BERGEN OG OMEGN
BEGRAVELSESHJELP**

Teatergt. 28, 5010 Bergen

Tlf. 55 21 44 50

Mobil 917 51 700

- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER



K.H. Paulsen
Tlf. 56 33 45 88



Tom Wilson
Tlf. 55 18 58 80

Vi utfører all det praktiske eller tilknytninger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.

Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes.

Tinging av turar på

tlf: 56 38 91 91/ 951 12 634



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Bløm

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.

Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid

5336 TJELDSTØ

Tlf. 5638 9534 / 4004 1045

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Sotra Omegn

BEGRAVELSEBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet

Skjenet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

ØyNytt-rosa

Ein høyrer så mykje om ungdommen no for tida: Huff, desse ungdommane. Alt dei finner på osv osv...

MEN, det er MANGE flotte ungdommar også. Og eg synes det er utruleg viktig å setja pris på dei gode gjerningane dei gjer. Så eg vil med dette føreslå å gje ØyNytt-rosa til nokre ungdommar som har spreidd glede, stilt opp i både motgang og medgang, gjort ein kjempeinnsats for kreftsaka og ikkje minst, - så har dei vist kva EKTE venar er.

I oktober 2005, fekk Hanne Strandheim diagnosen kreft. Knappe 4 mnd etterpå, døydde ho, berre 17 år gamal. Det var ei tung tid både for dei næraste og dei som kjende Hanne.

Hanne hadde gode venar som ho var med. Dei gjekk på kino, var ute og åt, var på besøk hos kvarandre osv. Kort sagt, så var dei som ungdommar flest.

Då Hanne gjekk bort, sat me alle igjen med sorg, og ikkje minst mange gode minner.

Men det som gjer Hanne sine venar så utruleg flotte, er at sjølv om dei mista ei veninne, så har ikkje dei lagt "alt" bak seg. Nei, dei satt seg ned, laga ei minnebok med tekst og bilder om den tida dei fekk i lag med Hanne, og overleverte den til foreldra så dei kunne sjå kor flott dei hadde hatt det i lag med ho. Dei har også hatt kontakt med foreldra med jevne mellomrom. Nokre av veninnene var russ i år, og i staden for å gjera noko "sprøtt" for å få ein knute i russehua, valde dei å krypa for å samla inn pengar til kreftsaka. Dei fekk samla inn ca

15.000 kroner! DET er litt av eit minne å ha i russehua det!

Synes dei har gjort så mykje fint både for foreldra, kreftsaka og ikkje minst for Hanne at dei verkeleg fortener den rosen dei kan få.

Dette er ungdommar som eg verkeleg ser opp til, og som verkeleg har stilt opp for kvarandre og ikkje minst for andre. Og når dei no, godt over eit og eit halvt år etter at Hanne gjekk bort fortsatt har ho i tankane sine, viser for meg at dei fortsatt er EKTE venar, og det er noko me alle treng, men som desverre ikkje alle har.

Heilt til slutt vil eg berre sei TUSEN TAKK for at de var, og fortsatt er vennane til Hanne. Eg beundra dykk stort for den innsatsen de har gjort både for Hanne, foreldra og for kreftsaken. Eg ser verkeleg opp til slike ekte venar.

Helsing frå
Laila Turøy



ØYGARDSKORET OG ØYGARDEN BARNEKANTORI

Etter 2 års pause startar me oppatt med korøvingar i september. Sjå oppslag óg i VestNytt til hausten. Kora er for heile Øygarden.

Øygardskoret øver i Blomvåg kyrkje kvar tysdag kl. 19.30- 21.30.

Koret har eit breitt repertoar med songar frå kyrkjemusikk til viser. På øvingane kosar me oss med kaffipause.

Me syng m.a. i kyrkjene, på Kystmuseet og arrangerer "Syng med oss" på skulane.

Nye medlemmer er velkomne, og me treng songarar på alle stemmene.

Første øvingsdag vert tysdag 4. september kl 1930 i Blomvåg kyrkje.

Øygarden barnekantori øver i Hjelme kyrkje kvar tysdag kl.16,30-18,00.

Vi startar når bussen kjem.

Koret er for barn frå 3. klasse og oppover.

Me syng mange slag songar, både kyrkjelege og viser, og me har ofte noko å bita i.

Kvart år reiser me på kortur i Hordaland og Sogn og Fjordane der me syng saman med fleire andre barnekor. Elles syng me på ulike arrangement i Øygarden, både i kyrkjene, på skulane og andre lokale.

Første øvingsdag vert tysdag 4. september kl 16.30 til 18.00 i Hjelme kyrkje



Bok & Media* Vestbok
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen
Tlf: 55 31 79 63
www.vestbok.no

Stor utval i plantar og potter



Blomsterbua
Rong Sauter
Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

Vi tilbyr ferdige middagsretter og nystekte bakervarer



RONGEBUA

- Stor jernvare
- Interiørvareavdeling

Tlf. 56 38 71 40 RONG SENTER

Mange flotte nyheter!

Mand-fred 10-18
Lørd 10-16
Tlf. 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99



RONG SENTER

TIMEBESTILLING 56 38 73 90



RONG SENTER

Egne priser for pensjonistar
Langope tirsdag og torsdag.

Catering - Snitter/koldtbord + Varm mat



Telefon 56 38 74 54 Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong

Bli brun selv om det regner


Ønsker du å leie sol hjem?

Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12--rørs solhimmel eller 20-rørs solseng med god kvalitet fritt levert Sotra og Øygarden

Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.

BPS Solutleie v/Arvid Rong
56 38 74 54 / 56 38 73 22

MAKEUP BASERT PÅ RENE MINERALER FRA NATUREN så tet at du kan sove med den



Vi tilbyr i.d. bareMinerals makeup

i.d. bareMinerals fremhever din naturlige glød og utstråling

Linjer, rynker og urenheter blir mindre synlig fordi pulveret bryter lysets stråler

i.d. bareMinerals foundations har naturlig UV-beskyttelse SPF 15

i.d. bareMinerals er basert på 100% rene knuste mineraler fra naturen

i.d. bareMinerals bedrer ubalansert hud

i.d. bareMinerals så ren at du kan sove med den!

i.d. bareMinerals FØLES naturlig. SER naturlig ut - fordi den ER det!

ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE

Rong senter • 56 38 95 15
Påskeferie 30/3 t.o.m. 9/4



- Stort utval av godbiter frå vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m/EU-kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- Moderne vaskehall
- Kaffiavtalen
- Gass



Bilverksted
BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted



Tlf. 56 38 94 24
Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no



TORSVIK

ELEKTRISKE AS
Torsteinsvik - 5337 RONG

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolantenn
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00

Vakttelefon 922 34 062

www.torsteinsvik.no



Harkestad Betong AS

Utsalg på Straume
Tlf. 56 33 00 70

Betong og betongprodukter

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01
5336 TJELDSTØ



Malvin Harkestad & Sønner AS

Alt i grunn- og betongarbeid

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01

GUDSTENER

- 02.sept. **Hjelme kyrkje kl.16:00** Familiegudsteneste
v/ Nils Arne Lavik. Søndagsskulens-dag der borna syng
for oss. Dåp. Kyrkjekaffi
- 09.sept. **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiegudsteneste
v/ Svenn Martinsen
Søndagsskulens-dag der borna syng for oss.
Dåp. Kyrkjekaffi
- 16.sept. **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse
v/ Svenn Martinsen. Nattverd
- 23.sept. **Blomvåg kyrkje kl. 11:00**
Konfirmantpresentasjons-gudsteneste
v/ Svenn Martinsen
- 23.sept. **Hjelme kyrkje kl. 16:00**
Konfirmantpresentasjons-gudsteneste
v/ Svenn Martinsen
- 30.sept. **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Familiegudsteneste
v/Otto Høvik 3- 4 klasse leiren vert med.
- 07.okt. **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse
v/ Svenn Martinsen. Dåp. Nattverd
- 14.okt. **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Familiegudsteneste
v/ Svenn Martinsen. Utdeling til 5. klassen. Høve til dåp
- 21.okt. **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiegudsteneste
v/ Svenn Martinsen. Utdeling til 5. klassene. Dåp
- 28.okt. **Hjelme kyrkje kl.11:00** Bots-og bededagsgudsteneste
v/Otto Høvik

TIL LUKKE

70 år:

11. okt. Hans Andreas Blom, Blom
27.okt. Torbjørg Helle, Harkestad
28.okt. Norunn Dagnhild Landro, Vik

75 år:

- 02.sept. Adolf Malvin Knarvik, Knarvik
16.sept. Magnar Breivik, Breivik
30.sept. Astrid Rasmussen Torsvik, Torsvik

80 år:

- 03.sept. Jenny Ingvaldsen, Alvheim
03.sept. Øydis Toft, Toft
10.sept. Margot Torsvik, Torsvik
14.sept. Magnus Torsvik, Knappebrekka 12
01.okt. Ingrid Haugetun, Rong
15.okt. Gunvor Hansen, Nautnes
25.okt. Bjarne Hjalmar Sæle, Nordre Sæle

85 år:

- 02.okt. Julia Lovise Sæle, Utnesdal

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Døypete

Blomvåg:

Marthe Halvorsen Turøy, Knappen
Ingeborg Jensen, Bergen
Jonas Ilje, Oslo
Andrine Michelsen Nordanger, Veslevarden
Tuva-Victoria Langhelle, Ågotnes
Frøya-Therese Langhelle, Ågotnes
Sander Kålås Dale, Blomvåg
Mikael Andersen, Rong
Håvard Vik, Vik

Hjelme:

Leonard Tvedt-Stølsnes, Oslo

Vigde

Blomvåg:

Silvia Mjøs og Morten Holmedal, Rong
Helga Johanne Lokøy og Anders Kåre Breivik, Breivik
Gunn Hege Børmø og Hans Olav Myren, Breivik
Sigrun-Marie Lisund og Robert Mikkelsen (Fjell kyrkje)
Taran Hogstad og Kenneth Fjeldstad, Knappen

Døde:

Blomvåg:

Gerhard Alvheim, Alvheim f.1920
Kåre Arthus Husebø, Blomvåg f.1931
Ole Rougnø, Søre Sæle f.1913
Herborg Solhaug, Torsvik f.1928
Edith Torsvik, Torsvik f.1929
Mona Langøen Oen, Raudhammaren f.1964
Even Oen Hellesøy, Rossnes, f. 1981

Hjelme:

Agnes Marie Stølsnes, Nautnes f.1916
Odd Harald Myhre, Ternholmbakkane f.1952



5334 HELLESØY
TLF: 56388008/47755570
ORG.NR.984589565
e-post:hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :
MAND.-TORSD. 900-1700
FRED. 900-1900
LØRD. 900-1500

Velkommen innom lokalbutikken

Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 50 mån - fre 0900-1400 for nærare informasjon.



Englar og åndeeverda



Av Eivind Sætre

Folk undrast på kva dette er for noko, og innvendingane har kome både frå kristne og ikkje-kristne. Det at det no er ei prinsesse som frontar oppe å ha kontakt med ein åndeleg dimensjon i tilværet gjev det sjølvstekt ekstra tyngde, men dette er ikkje noko nytt. Den ny-religiøse marknaden har stadig vakse seg sterkare i den vestlege verda, og i folket vårt. Tilboda er mange til dei som søker ei høgare makt i livet sitt.

Menneska er i sin natur religiøse. Difor søker dei, men kvar søker dei, og kva er det dei finn? Det kan høyrast forlokkande ut når ein kan "tilby" englekontakt, og eit meir avbalansert liv. Går ein inn i den ny-religiøse marknaden, så er det ikkje grenser for kva ein søken i åndeeverda kan bidra til av positive verknader i livet. Og kva kan vel vera galt med det? Ynskjer vi ikkje det beste for kvarandre?

Det er klårt at den enkelte må få lov til å tenkje og tru det ein vil, men dersom vi ynskjer å lytta til kva Bibelen underviser, så er den klinkande klår i si rettleiing i det som har med åndeeverda å gjera. Det fyrste den slår fast er fylgjande: "Høyr, Israel! Herren er vår Gud, Herren er éin." (5.Mos. 6:4) Gud er ikkje ein mellom mange gudar, men han seier at han er den **eine**. Vi kan også ta med det fyrste bodet Gud gav oss: "Du skal ikkje ha andre gudar attåt meg."

”*All kontakt med åndeeverda har sin pris. Det kan virka forlokkande, men det fører lett til bindingar og frykt*”

Vi har vår klåre avgrensing. Vi blir født, og vi døyr – og vi har ingen sikker kunnskap om det som ligg framfor oss. Det kan difor vera både spennande og fasinerande å vite at det er noko der ute som både kan gje oss kunnskap om framtida, og styrke til å takle livet sine mange motbakkar. Tenk å ha tilgang til "magiske" krefter, som vi kan påkalla, og bruke i vår kvardag!

Spør ein så på den ny-religiøse marknaden, kven det er som hjelper, så vil ein få ei ullen forklaring om noko som er der ute ein stad, og som vi kan ha positiv kontakt med. Bibelens absolutte forståing av *ein* Gud, er heilt borte. Difor er det viktig å vera klår over at all tilbeding, søken, og kontakt med åndeeverda – er og blir avgudsdyrking. Luther seier: "Ein Gud er det ein ventar seg alt godt av, og som ein tar si tilflukt til i all slags naud."

Konklusjonen vert difor at når ein søker hjelp i åndeeverda både for ånd, sjel og lekam, så blir det avgudsdyrking. Der er mykje mellom himmel og jord som vi ikkje forstår, og menneska si søking kan ikkje finna Gud. Difor må Gud openberra seg for oss, og det har han gjort i Jesus Kristus. Vi kan difor seie at verkeleg fridom og fred i livet, får ein fyrst når Gud verkeleg blir Herre i livet.

All kontakt med åndeeverda har sin pris. Det kan virka forlokkande, men det fører lett til bindingar og frykt.

På misjonsmarka såg vi dette tydeleg, og vi ser det også koma til syne i vårt eige land. Mange trur dei er frie, men blir berre meir og meir bundne.